

VINJE KOMMUNE
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Vår dato: 23.02.2024
Vår ref.: 202402383-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 2023/8118

Sakshandsamar: Astrid Flatøy,
22959768, asfl@nve.no

NVEs innspel - Varsel om oppstart - Omregulering til bustadfelt - Detaljregulering - Mobø gnr. 136 bnr. 71 Raulandsgrend - Vinje kommune

Vi viser til brev datert 31.01.2024. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering for Mobø bustadfelt. Føremålet med planarbeidet er å omregulere detaljregulering Mobø 136/71 planID 20180001 til kommunalt bustadfelt med 14 mindre tomter og 3 stortomter med fleire bueiningar.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

NVEs innspel

Vi viser til NVEs [kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

Flaum

NVEs temakart, [NVE Atlas](#) og [kartbasert rettleiing for reguleringsplan nr. 6](#), viser at nesten heile planområdet er markert som aktsemdområde for flaum. Det er opplyst i varselet at det er gjennomført ROS-analyse og flaumvurdering. Desse er ikkje sendt med varselet.

Viser flaumutgreiinga at området ikkje oppfyller krava i TEK17 for aktuell sikkerheitsklasse, må området markerast i plankartet som omsynssone, og det må gis føresegnar til sona.



Ved eventuelle tiltak i flaumsona må det i reguleringsplanen dokumenterast korleis tiltaket skal bli tilstrekkeleg sikkert i samsvar med krava i TEK17 § 7-2.

Nedstraums planområdet ligg flaumutsette område som er utbygd. Den nye utbygginga må ikkje auke flaumfaren på omgivnadene jf. pbl. § 28-1, 1. ledd, 2. setning og TEK17 § 7-1, 2. ledd.

Omsyn til vassdrag

Planområdet er avgrensa av eit vassdrag mot nordaust.

For tiltak nært vassdrag, må ein vurdere om omsyn til vassdrag og vassdragsverdiar er teken i vare. Det gjeld ei generell aktsemdplikt for tiltak i vassdrag (vassressurslova § 5) som inneber at alle skal opptre aktsamt for å unngå skade eller ulempe i vassdraget for allmenne eller private interesser.

Kantvegetasjon

Langs breidda av vassdrag med årsikker vassføring skal det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr (vassressurslova § 11). Vi viser til NVEs rettleiar 2/2019 om [kantvegetasjon langs vassdrag](#).

Overvatn

I planarbeidet er det viktig å vere tilstrekkeleg detaljert allereie på detaljreguleringsnivået også når det gjeld overvasshandtering, og ikkje utsetje desse problemstillingane til byggjesak og illustrasjonsplanar.

Som eit minimum reknar vi at ein må beskrive dimensjonerings-grunnlaget for nedbør (gjentakintervall og dimensjonerande klimafaktor) og lokalisere og heimfeste eventuelle flaumveggar i plankartet.

For å sikre og etablere gode løysingar for overvatn, viser vil til at det skal veljast opne løysingar. Dersom andre løysingar blir valde, skal det grunngjevast kvifor naturbaserte løysingar blir valde bort, sjå [Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing – Lovdata](#), 2 siste avsnitt i kap. 4.

Ev. konsekvensar utanfor planområdet som følgje av tiltaket bør drøftast og ev. mildnande tiltak må beskrivast. Vi viser til NVEs overvassrettleiar som kan vere til hjelp i dette arbeidet. https://publikasjoner.nve.no/veileder/2022/veileder2022_04.PDF. Tabell 4-6 i rettleiaren foreslår lovheimlar for ulike arealformål.

Vi tilrår at ein i samband med overvassvurderingane tek utgangspunkt i eit klimajustert nedbørsintervall (gjentakintervall) på 100 år. Frå og med 01.01.2024 gjeld endringar i pbl. § 15-8 i tråd med desse tilrådingane.

Vi viser òg til NVEs [kartbaserte rettleining for reguleringsplan punkt 3 og 4](#) for fleire råd og meir informasjon.



Nettanlegg

NVEs [temakart](#), kartlaget *NVE Kraftsystem Nettanlegg*, viser at det går eit distribusjonsnett over planområdet.

Mindre høgspenningsanlegg innafor områdekonsesjonane fell innafor verkeområde til pbl. Desse kan regulerast som "Teknisk infrastruktur" etter pbl. § 12-5 nr. 2.

Minstekrav til avstand til kraftleidningar er regulert gjennom forskrift om elektriske forsyningsanlegg. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) har i [Veiledning til forskrift om elektriske forsyningsanlegg](#) publisert tabellar med minsteavstandskrav til kraftleidningar. Dei absolutte avstandskrava er frå 2-10 meter.

Meir informasjon om nettanlegg og vilkår for konsesjon, kan de finne på NVEs nettsider under [Konsesjonssaker](#). De kan òg få nyttig informasjon ved å kontakte Statnett, regional netteigar eller område-konsesjonær.

Generelle råd

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internettsider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå.

NVEs oppfølging av planarbeidet

Dersom planen rører ved NVEs saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVEs saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE. NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Astrid Flatøy
seniorrådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.



Mottakarar:
VINJE KOMMUNE

Kopimottakarar:
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK